

Grindbygd halvtekkje med torvtak.

15.07.2019



Bjarte Eik på det torvlagde taket på halvtekkja. I stigen: Egil Myhre.

Bjarte Eik er praktisk og hendig. Det siste året har han sett opp ei grindbygd halvtekkje til garasjen. Namnet grindbygg kjem av konstruksjonsmetoden med stavar, bete og skråband. Veggene er kledde med ukanta kledning. På sperra ligg det tro eller vi vil kalla sutak. På laurdag var det torvdugnad der ein skar og la torva på plass.

Den mest vanlege taktekinga i Sunnhordland er skifer eller helletak. Torvtak vart særleg brukt der det var vanskeleg å få tak i eller få transportert fram skifer, til dømes på stølshusa i fjellet. Det er såleis torvtak på Vetrhus si hytte ved Mannsvatn Det same er det på sela på Vatnastøl. På Rød finn vi eit nytt moderne hus med torvtak.

Frå gamalt vart det brukt bjørkenever som underlag før ei la torv. No brukar ein platon lagt med knottane ned. Hos Bjarte Eik vert torva funnen tett ved bygget. Torva vert spadde ut i ein storleik på 30 * 30 cm med ei høgde på om lag 10 cm. Det gamle var også at ein la to lag med torv, det nederste laget med graset ned og topplaget med graset opp. For å sleppa å leggja to lag med torv, vert det lagt sålda mold som underlag. Bjarte ser til at det vert planta markblomar på taket.



Molda vert sålda for å vera rein for stein, spiker og andre kvasse gjenstandar

Langs takufsa er det lagt på torvhalde, ein stokk som ligg og støttar seg til torvhaldekrokar. Dette vert gjort for å halda mold og torv på plass. Bjarte har lokale namn på dette. Han kallar torvhalde for ein trave og torvhaldekroken for ein travalark. Traven støttar seg til travalarken. Til slutt kjem det takrenne i tre.

Alt arbeidet med å få mold og torv opp på den 35 rutemeter store flata vart gjort med bytter, tau og handamakt.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Tone Bakke/Kristian Bringedal



Alle vegger er kledde med ukanta kledning. Døra er skoren til og har mange detaljar.